



NOKUT
Postboks 578
1327 LYSAKER

Dykkar referanse	Vår referanse	Vår sakshandsamar	Vår dato
19/10258	20/00878-5	Odd Helge Mjellem Tonheim, odd.helge.mjellem.tonheim@hivolda.no	09.10.2020

Høyringsfråsegn frå Høgskulen i Volda: Endring i forskrift om ansettelse og opprykk i undervisnings- og forskerstillinger

Viser til høyringsbrev datert 02.07.2020 og her følg Høgskulen i Volda (HVO) si høyringsfråsegn.

HVO er positive til at teksten i forskrifta vert rydda opp i og at det vert enklare å forhalde seg til den. Og at intensjonane rundt kravet til pedagogisk basiskompetanse kjem tydelegare fram. Etter vårt syn er ordlyden som omhandlar krava til pedagogisk basiskompetanse klårare i det nye framlegget. Vi vil likevel peike på nokre uklårheiter, og kome med forslag til forbetringar.

Vurdering av pedagogisk basiskompetanse

Ei uklarheit ved forskrifta som heilskap er at *vurdering* av pedagogisk basiskompetanse berre blir omtalt i Kapittel 1, den delen av forskrifta som gjeld krav ved *tilsetjing*. Her heiter det i § 1-4 i gjeldande forskrift at «Ferdighetene skal dokumenteres i form av en systematisk og samlet fremstilling som vurderes ved institusjonene.» Det er altså institusjonane sjølve som skal vurdere om krava er oppfylt. I det nye framlegget heiter det:

§ 1-4 (4) Søkere skal dokumentere ferdighetene i andre ledd gjennom en systematisk og samlet fremstilling som danner grunnlaget for institusjonenes vurdering av søkerne. Utdanningsinstitusjonene skal utvikle nærmere kriterier for hvordan utdanningsfaglige kompetanse dokumenteres, jf. § 1-1 siste punktum.

Her er det endå klårare at det er institusjonane sjølve som skal fastsetje kriterium for korleis utdanningsfagleg kompetanse skal dokumenterast, og for korleis dokumentasjonen av pedagogisk basiskompetanse skal vurderast. Det er uklart i utkast til ny forskrift kven som skal vurdere pedagogisk basiskompetanse. Ved tilsetjing er det naturleg at det er kommisjonen som vurderer den vitenskaplege kompetansa, men det oppstår imidlertid ei uklarheit kring kva som gjeld for *vurdering* av pedagogisk basiskompetanse ved *opprykk* til førsteamanuensis på grunnlag av oppnådd doktorgrad. I Kapittel 2 i forskrifta, som omhandlar framgangsmåte og kriterium for opprykk, blir ikkje pedagogisk basiskompetanse omtalt på annan måte enn at krava i § 1-1 til § 1-7 ligg til grunn. Det er elles berre vurdering av vitenskapleg kompetanse som blir omtalt.

For opprykk til professor:

§ 2-2 (5) a) For dokumentasjon av vitenskapelig kompetanse er det anledning til å levere inntil 15 vitenskapelige arbeider.

For opprykk til førsteamanuensis:

§ 2-4 (3) Ved søknad om opprykk til førsteamanuensis skal søkeren legge ved en beskrivelse av sin vitenskapelige eller kunstneriske produksjon og omtale inntil 15 arbeider som vedkommende særlig vil skal legges til grunn for den sakkyndige vurderingen.

(8) Opprykk gis med virkning fra den første dag i måneden etter at søknaden er innlevert, eller fra tiltredelsestidspunktet.

For søker som gis opprykk til førsteamanuensis på grunnlag av oppnådd doktorgrad, og der institusjonen ikke stiller tilleggskrav til stillingen, kan opprykk gis med virkning fra den første dag i måneden etter at doktorgradsavhandlingen er innlevert til bedømmelse.

Ved søknad om opprykk til professor vil det alltid vere behov for vurdering av vitenskapleg kompetanse, og det vil då vere behov for sakkunnig utval frå det aktuelle fagområdet. Det er då naturleg at det same utvalet også vurderer pedagogisk kompetanse for dette stillingsnivået.

Ved søknad om opprykk til førsteamanuensis på grunnlag av oppnådd doktorgrad er det derimot *ikkje* snakk om ny vurdering av vitenskapleg kompetanse. Det er då nærliggande å legge § 1-4 (4) til grunn for vurdering av pedagogisk basiskompetanse *også for opprykk* til førsteamanuensis på grunnlag av oppnådd doktorgrad: «Søkere skal dokumentere ferdighetene i andre ledd gjennom en systematisk og samlet fremstilling som danner grunnlaget for institusjonenes vurdering av søkerne.» Det verkar å vere den klårt mest rimelege tolkinga at institusjonane sjølve skal vurdere dokumentasjonen av pedagogisk basiskompetanse, men dette er eit punkt som med fordel kan klargjerast i forskrifta som heilskap.

Vurdering av dokumentasjon av pedagogisk basiskompetanse er ei vurdering av ein heilt annan art og av eit heilt anna omfang enn vurdering av vitenskapleg kompetanse på doktorgradsnivå, og vurderinga av vitenskapleg kompetanse er ved søknad om pedagogisk basiskompetanse allereie gjort av doktorgradskomiteen. Det gjev difor ikkje meining å legge same krav om vitenskapleg kompetanse til grunn for vurderinga av den pedagogiske basiskompetansen åleine; her er det berre den pedagogiske kompetansen som skal vurderast. Det ville difor vere ein fordel med ei presisering av at det ved opprykksvurdering som berre gjeld pedagogisk basiskompetanse skal ligge ein mindre omfattande prosess til grunn, der institusjonane sjølve vurderer dokumentasjon av kompetanse.

Rettleiing på PhD-nivå – krav til professor

Vi observerer at det for professoropprykk kreves «bred erfaring med veiledning fortrinnsvis på master/ ph.d.-nivå» vert vidareført. Her vil HVO peike på at det for fagleg tilsette ved mindre institusjonar kan være vanskeleg å skaffe seg erfaring som rettleiar på ph.d.-nivå. Det er viktig at omgrepa «fortrinnsvis» og «/» vert vidareført, for å opne også for andre typar rettleiing kan erstatte delar av dette.

Professor – med forbehold § 1-2 (2) nytt utkast

HVO støttar følgjande ordlyd: «Søkere som ikke oppfyller kravene etter § 1-4 andre ledd kan ved særlig tungtveiende grunner ansettes med forbehold om at kravene oppfylles innen to år.» Men det bør klargjerast korleis denne kompetansen vert vurdert etter to år, jamfør vårt innspel rundt «Vurdering av pedagogisk basiskompetanse» (sjå lenger opp).

Dokumentert pedagogisk kompetanse

HVO vil spele inn at ein bør vurdere at ein førsteamanuensis som kan dokumentert praktisk-pedagogisk kompetanse slepp kravet om pedagogisk basiskompetanse i § 1-4 knytt til førsteamanuensis, eventuelt at dokumentert praktisk-pedagogisk kompetanse er godkjent som pedagogisk basiskompetanse. Altså at dokumentert lærarutdanning vert godkjent som pedagogisk basiskompetanse. Vi er klar over at det kan vere ting i ei pedagogisk basiskompetanse som ikkje er fullt ut dekkja i ei lærarutdanning, men samtidig vil ein som har ei lærarutdanning vere meir en nok pedagogisk kompetent, og utan tvil mykje meir pedagogisk kompetent, enn ein med eit 200-timarskurs i pedagogisk basiskompetanse. Lærarutdanningane er FoU-baserte utdanningar, med ein høg del pedagogikk, og vil gje eit solid pedagogisk og didaktisk grunnlag til å setje seg inn i dei sidene ved undervisning i UH-sektoren som ikkje er dekt i desse grunnutdanningane. Men HVO meiner at ei dokumentert praktisk-pedagogisk kompetanse (ei lærarutdanning) stettar dei pedagogiske/didaktiske krava i gjeldande forskrift, og i utkast til ny forskrift: «Dette innebærer grunnleggende ferdigheter innen planlegging, gjennomføring, evaluering og utvikling av undervisning og veiledning.» Tilleggsmomentet kjem i at dette er i UH-sektoren, men her kan det argumenterast med at når fyrste den pedagogiske/didaktiske kompetansen er på plass, så er omstillinga frå til dømes grunnskule til UH vesentleg mindre enn omstillinga frå inga pedagogisk kompetanse til pedagogisk basiskompetanse, til dømes via eit kurs på 200 timar.

Med helsing
Leiinga

Odd Helge Mjellem Tonheim
Prorektor

Kopi til: Leiinga v/Johann Roppen, Leiinga v/Karen Fredrikke Lomeland Jacobsen